

Vedlegg til prøvebevis - norskprøven

BESKRIVINGAR AV NIVÅ

LYTTEFORSTÅING

A1 (elementært nivå)

På nivå A1 kan ein forstå kjende ord og svært enkle uttrykk som gjeld eigen person, familie og nære omgivnader, så lenge det blir snakka langsamt og tydeleg og med mange pausar.

A2 (elementært nivå)

På nivå A2 kan ein forstå vanlege ord, uttrykk og ytringar knytte til eigen person, arbeid og nære relasjonar, så lenge det blir snakka tydeleg. Ein kan få med seg hovudinnhaldet i korte, enkle beskjedar og meldingar når det blir snakka langsamt og tydeleg.

B1 (sjølvstendig nivå)

På nivå B1 kan ein forstå enkel informasjon om daglegdagse eller jobbrelaterte emne og oppfatte både hovudbodsken og detaljar dersom det blir snakka tydeleg. Ein kan forstå hovudpunkta i klar, normert tale om kjende emne frå til dømes arbeid, skule og fritid. Ein kan forstå hovudinnhaldet i mange nyheiter.

B2 (sjølvstendig nivå)

På nivå B2 kan ein forstå i detalj det som blir sagt på eit normert talespråk. Ein kan oppfatte informasjon, haldningar og synspunkt i førelesingar, nyheiter og andre presentasjonar. Ein kan følgje komplekse argumentasjonsrekker dersom saka er kjend og oppbygginga er klar. Ein kan forstå dialektar når talaren modererer språket litt.

LESEFORSTÅING

A1 (elementært nivå)

På nivå A1 kan ein lese og forstå kjende ord og svært enkle setningar, til dømes i beskjedar, skjema og oppslag.

A2 (elementært nivå)

På nivå A2 kan ein lese og forstå enkel skriftleg informasjon knytt til privatliv og eigen arbeidssituasjon. Ein kan lese og forstå korte, enkle skriftlege instruksjonar, beskjedar og meldingar.

B1 (sjølvstendig nivå)

På nivå B1 kan ein lese og forstå hovudinnhaldet og detaljar i klare og enkle tekstar om kjende emne frå til dømes arbeid, skule, heim og fritid. Ein kan oppfatte viktige punkt i korte, offentlege brev og dokument.

B2 (sjølvstendig nivå)

På nivå B2 kan ein lese og forstå hovudpunkt og detaljar i ulike typar tekstar om eit vidt spekter av emne og oppfatte synspunkt og haldningar.

SKRIFTLIG FRAMSTILLING

A1 (elementært nivå)

På nivå A1 kan ein fyller ut enkle skjema med ein del personlege opplysningar som namn, fødselsdato, nasjonalitet og adresse. Ein kan skrive korte, svært enkle beskjedar og meldingar ved å bruke enkelståande setningar og faste formuleringar.

A2 (elementært nivå)

På nivå A2 kan ein skrive korte, enkle beskjedar og meldingar knytte til kvardags- og arbeidsliv. Ein kan fortelje om opplevingar og hendingar med enkle frasar og setningar.

B1 (sjølvstendig nivå)

På nivå B1 kan ein skrive samanhengande tekstar med ein del detaljar om kjende emne eller emne av personleg interesse. Ein kan skrive korte rapportar med oppsummering, og ein kan grunnkje handlingar.

B2 (sjølvstendig nivå)

På nivå B2 kan ein skrive klare, detaljerte tekstar om eit vidt spekter av emne. Ein kan skrive sakleg og argumentere for og/eller imot ulike standpunkt, underbyggje synspunkta sine, gi eksempel og trekkje konklusjonar.

MUNNLEG KOMMUNIKASJON (snakke og samtale)

A1 (elementært nivå)

På nivå A1 kan ein forstå og bruke enkle uttrykk og setningar for å fortelje om kvar ein bur og om personar ein kjenner. Ein kan stille og svare på enkle spørsmål knytte til eigen person. Ein kan ta del i ein enkel samtale om svært kjende emne dersom samtalepartnaren snakkar langsamt og er støttande, til dømes ved å formulere om og gjenta.

A2 (elementært nivå)

På nivå A2 kan ein forstå og bruke enkel daglegtale og snakke om emne knytte til eigen person og familie, nære omgivnader og arbeid. Ein kan ta del i enkle samtalar om kjende emne dersom samtalepartnaren er støttande og snakkar langsamt og tydeleg, men det vil ofte vere naudsynt å be om gjentakingar og oppklaringar for å sikre at ein forstår kvarandre.

B1 (sjølvstendig nivå)

På nivå B1 kan ein uttrykkje seg enkelt og samanhengande om kjende emne og emne av personleg interesse. Ein kan kort grunnkje og forklare eigne meiningar, erfaringar og planar. Ein kan ta del i samtalar i dagleglivet og på jobb dersom emnet er kjent og samtalepartnaren snakkar tydeleg.

B2 (sjølvstendig nivå)

På nivå B2 kan ein uttrykkje seg klart om eit vidt spekter av emne. Ein kan presentere ei sak, argumentere for sitt syn og underbyggje synspunkta sine. Ein kan delta aktivt i ein samtale slik at samtalen ikkje er anstrengande for nokon av partane.